

Har de gløymt å levera inn skulekorpsinstrument?

15.08.2014



Husk å levere inn instrument og uniformer til skulemusikken.

Det nærmar seg starten på ein ny skulekorpsesong, og i samband med det etterlyser skulekorpsleiinga instrument som tidlegare medlemmer(og foreldre) har gløymt å levere inn. Det kan vere siste åra eller litt tilbake i tid. Skulekorpset seglar som kjent i medvind og då treng ein alle instrument i bruk.

Skulekorpsleiinga seier at det vil spara dei for mykje arbeid om alle som har instrument heime leverer dei inn så fort som mogeleg. Instrumenta kan leverast til Haldis Aakra eller Hilde Bringedal. Det same gjeld uniformer som har vorte hengande etter tidlegare medlemsskap.

Skulemusikken er i den gledelege stiuasjonen at dei førstkommande torsdag skal ta i mot heile 7 nye aspirantar som skal starta opp på sine instrument. Dette er truleg det største aspirantkullet sidan tusenårsskiftet, og det understrekar at korpset har god vind i segla. Hurra!!

Vi håpar alle som har skulekorpseffektar heime, er kjappe å levere dei inn. Det lettar arbeidet for skulekorpsleiinga, og dei kan i staden bruka innsatsen sin på å jobba med kjekke ting for dei flinke og framadstormande musikantane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.